



Vår dato:

03.06.2021

Vår ref:

2021/4446

Dykkar dato:

21.04.2021

Dykkar ref:

21/8152

Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 Ølen

Kontakt saksbehandlar
Ida Eline Skålnes, 51568807

Uttale - forslag til planprogram til kommuneplan for Vindafjord 2021 - 2033

Vindafjord kommune skal revidere både arealdelen og samfunnssdelen i komande kommuneplanrevisjon. Forslaget til planprogram er eit oversikteleg og strukturert dokument, kopla opp til åtte av FNs berekraftsmål. Desse berekraftsmåla speglar kommunens prioriteringar på ein god måte. Me har innspel til planprogrammet for å ivareta dei nasjonale ansvarsområda som Statsforvaltaren er sett til å ivareta.

Lovgrunnlag

Krav til planprogram er forankra i plan- og bygningslova § 4-1, og krava til innhald og Statsforvaltarens rolle er beskrive slik i føresegna 2. og 3. ledd:

«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.»

Statsforvaltarens vurdering

Av omsyn til dei nasjonale ansvarsområda som Statsforvaltaren er satt til å ivareta gjennom plan- og bygningslova, har me følgjande innspel til det føreslegne planprogrammet:



Samfunnstryggleik

Klimaendring i form av havnivåstigning

Store delar av busetnaden i kommunen ligg langs sjøen og er derfor spesielt utsett for klimaendringar i form av havnivåstigning. Den gjeldande kommuneplanen slår fast at bygg skal førast opp med lågaste golv på minimum kote 2,5 meter og at det i utsette område må takast omsyn til bølgje påverknad. Den aktuelle føresegna (§ 1 bokstav f) er for generelt utforma, og me etterlyser meir konkrete vurderingar knytt til krav om byggehøgde. Den heilsakaplege risiko- og sårbarheitsanalysa (ROS) for kommunen bør derfor vurdere risikoen meir konkret og med bakgrunn i det føreslå aktuelle tiltak. Me tilrår her at kommunen utarbeider berekning av bølgehøgde i dei mest utsette områda der det kan være aktuelt å tillate bygging.

Vidare rår me til at det i arealkartet til kommuneplanen blir lagd inn aktsemdsone med relevante føresegner basert på analysane i den heilsakaplege ROS-analysa. Hovudregelen bør vere at det ikkje skal tillatast bygging innafor aktsemdsona. Dersom ein skal opne for bygg i aktsemdssonan, må risiko vurderast av fagkyndig, faresoner må definerast og det må leggast opp til tilstrekkelege avbøtande tiltak.

Trafikkulukker

Heilsakapleg ROS-analyse tar berre føre seg ulykker med buss, og ikkje ulykker med person-bil. Både sannsyn og konsekvens er vurdert som lågt. Det heiter at om det føreligg ein god plan, kan denne risikoen aksepterast. Både E 134 og fleire andre vegar i kommunen er ulykkesutsett og det har vore fleire ulykker med dødsfall. Statsforvaltaren meiner derfor at kommunen bør identifisere dei farlegaste ulykkespunktene og arbeide systematisk for å sikre desse. Vidare bør risiko for trafikkulykker og skuleveg for barn og unge vurderast i reguleringssplanar. Dette må omfatte både området internt innanfor den aktuelle planavgrensinga, så vel som heile skulevegen.

Pandemi

Sidan februar 2020 har vi i Noreg og resten av verda levd under store restriksjonar som følgje av den pågående koronapandemien. Trass i at pandemi i fleire år har stått høgt på lista over hendingar med stor risiko i ROS-analysar både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, så har pandemien det siste året påført kommunane store og nye utfordringar. Det er viktig at kommunen tar med seg dei erfaringane som er blitt gjort i løpet av det siste året, inn i det vidare planarbeidet. I kommunen si heilsakapleg ROS-analyse visast pandemi med uakseptabel risiko og at tiltak bør gjennomførast. Identifiserte tiltak er plan for mas gevaksinasjon og informasjon. Me rår til at tema pandemi blir drøfta vidare og at forslag til tiltak blir drøfta meir utfyllande.

Flaum

Statsforvaltaren hadde tilsyn i januar i 2021, og peika då på at heilsakapleg ROS-analyse ikkje inneholdt tilstrekkeleg konkret informasjon for eit godt og systematisk arbeid med samfunnstryggleik. Klimaendringar som tema kunne ha fått meir fokus, og tiltaka som blei identifisert er vanskeleg å innarbeide i kommuneplanens arealdel. Eit døme på dette er flaum. Det er identifisert fleire gode tiltak og oppfølgingspunkt knytt til flaum, som til dømes revidering av handlingsplan for vassdrag og innføring av krav til overvasshandtering. Likevel bør ROS-analysen konkretiserast meir med tanke på følgjande spørsmål:

- Kvar er det viktig å gjøre tiltak?
- Korleis er prioriteringa mellom tiltaka?
- I kva område bør ein fastsette aktsemdområde med tilhøyrande føresegner?



Klimaomstilling

Vindafjord kommune må vise korleis dei vil løyse det nasjonale kravet til klima- og energiplan som er gitt gjennom rikspolitiske retningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR-klima), samt måla satt i Klimakur 2030. Dersom kommunen skal innlemme sin klima- og energiplan i kommuneplanen er det viktig å få på plass naudsynte mål, strategiar og tiltak, samt kunnskapsgrunnlag for kommunen. Me viser til rettleiar for klima- og energiplanlegging her:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energiplanlegging/hvordan-fastsette-mal/>.

Her kan ein også finne eksempel på ulike typar mål. Miljødirektoratet anbefaler at kommunane fastsett separate mål for reduksjon av direkte utslepp av klimagassar, eventuelt indirekte utslepp. Og at dei har mål for redusert energibruk i heile kommunen, noko som igjen blir fordelt på enkelt-sektorar. Dette inneber at kunnskapsgrunnlaget må vise status for dei felt der kommunen er myndigkeit og kva som er oppnåelege reduksjonar.

Klimabudsjett er eit godt verkemiddel å bruke når ein skal redusera klimagassutslepp. Her finn de meir informasjon om kva det er og korleis ein går fram:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energitiltak/klimabudsjett/>.

Vidare må kommuneplanen vise korleis endring i klima kan påverke bl.a. samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø, befolkninga si helse, samt næringsverksemd. Det er også viktig å sjå på kommunen sin innkjøpspolitikk i lys av klima og berekraft.

Klimarisiko

Med dette omgrepet blir samfunn og økonomi sett i samanheng med klimaendringane. Me viser til kommunalbanken si side kor dette blir godt forklart, og her kan ein sjå ei berekning av kor utsett eigen kommune er for ulik klimarisiko: <https://klimarisiko.kbn.com/regioner/rogaland/Vindafjord/>.

Planlegging for klimaomstilling

Det er viktig at kommuneplanarbeidet er knytt til andre planar og analysar i kommunen, slik som folkehelseplan, klimaplan, hovudplan for vatn og heilsakleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Arealplanar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering. Klimatilpassing og utsleppsreduksjon må sjåast i samanheng der det er relevant. Naturbaserte løysningar for klimatilpassing skal vurderast og prioriterast i alle relevante plan- og byggesaker. Når det gjeld klimatilpassing viser me særskilt til regionalplan for klimatilpassing som eit utgangspunkt for arbeid med dette i kommuneplanen.

Både klimatilpassing og utslepp av klimagassar er tett knytt til arealbruk, spesielt til tilstanden på våtmarker, myr, landbruksareal og skog. Å behalde og auke CO₂-lagring i vegetasjon og jordsmonn, er ei relativt ny og viktig nasjonal forventning til kommunane. Ved å kartlegge desse blir det enklare å planlegge for at klimagassar blir liggende i grunnen/biomassen. Miljødirektoratet har nyleg gitt ut ei rettleiar som viser kommunen sitt handlingsrom innanfor jordbruk, skogbruk og myrforvaltning: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energitiltak/landbruk/>.

Vidare er det viktig å sjå heilsakleg på vassvegar i arealplanlegginga. Kommunen bør vurdere å kartlegge areal som fordrøyer og filtrerer vatn og hindrar erosjon, som våtmarker, myrer og skog.

Planprogrammet bør også vurdere klimaeffekt av spreidd (nærings)utbygging i kommunen.

Statsforvaltaren rår derfor til at kommunen vurderer å ta klimaomstilling inn i arealstrategien til kommuneplan.



Folkehelse

Vedtatt planstrategi syner ei klår og tydeleg kopling mellom folkehelsearbeidet og planlegging. Samstundes vert det i planstrategien lagd føringar for korleis folkehelsearbeidet skal fylgjast opp. Planstrategien legg til grunn at kommunen si folkehelseoversikt skal oppdaterast og leggjast til grunn for vidare planarbeid i tråd med føringane frå plan- og bygningslova og folkehelselova. Det er positivt at folkehelsearbeidet er så nært knytt til kommunens planarbeid, fagleg og administrativt.

Folkehelseoversikta som det vert vist til blei utarbeidd av Norconsult og er frå 2017. Av planstrategien går det fram at oppdateringa skal vera kortfatta og gje prioriteringar for dei neste fire åra. Sjølv om det i planprogrammet vert vist til «folkehelseoversikten 2020-2024» kan me ikkje sjå at det ligg føre ei slik oppdatert oversikt i samsvar med folkehelselovas krav til oversiktsarbeid. Gjennomgang av planprogram og relevante dokumenter frå kommunen si heimeside gir lite informasjon om oversiktsarbeidet, eller korleis det skal fylgjast opp. Talgrunnlaget og statistikken som nåverande folkehelseoversikt byggjer på er frå 2015/2016 og endå eldre. Ei oppdatering av oversiktsdokumentet/ folkehelseoversikta må sikra at all informasjon er fersk og oppdatert i samsvar med krava i oversiktforskrifta til folkehelselova. Ikkje minst gjeld dette forhold i folkehelseoversikten som vart identifisert som særleg sårbar og utfordrande (per 2016/2017). Me minner samstundes om at det ikkje er meininga at oversiktsarbeidet skal avgrensast til å vere ei eingongsøkt kvart fjerde år. Dersom folkehelsearbeidet skal være treffsikkert, må arbeidet vere kontinuerleg og oppdatert, sjå brev frå oss datert 25.1.2018 om oversiktsarbeidet i Vindafjord kommune.

I planprogrammet pkt. 4.1 (s.9) har ein førebels identifisert viktige hovudutfordringane som det skal arbeidast vidare med. Utfordringane knytt til folkehelseoversikten går ikkje fram av dokumenta, men dei fleste tema som vert nemnt, vil naturleg inngå som ein del av oversiktsarbeidet etter folkehelse-lova.

Satsingsområda som er peika ut i planprogrammet har alle stor innverknad på samfunnsutviklinga, - om den fremjar innbyggjarane si helse og jamnar ut sosiale forskjellar. Det er ein viktig føresetnad for å kunne svara ut utfordringane som er nemnd i pkt. 4.4. (Gode liv og livslang læring), at ein nyttar oppdatert kunnskap frå folkehelseoversikten i arbeidet med prioriteringar, målsettingar og tiltak.

Me rår til at det i det vidare arbeidet med planprogram vert lagt til grunn ei meir heilskapleg og samla oversikt over kommunen sine utfordringar i samsvar med oversiktforskriftas § 3 a-f. Dei viktigaste folkehelseutfordringane må identifiserast, og det må vurderast om det er naudsynt med grundigare undersøkingar for å finna ut meir om omfang og kva faktorar som har påverknad på utfordringane. Me syner til Miljøverndepartementet sin rettleiar om kommuneplanprosessen pkt. 4.1., - 3. avsnitt, som vektlegg planprogrammet som ein arena for å belyse folkehelseutfordringar og gje føringar for vidare planarbeid. Etter folkehelselovas § 6 skal kommunane fastsette overordna mål og strategiar for utfordringane som er identifisert i folkehelsearbeidet, jamfør plan og bygningslova kp 11. Målsettingane kan være visjonære, men dei må eigna seg for operasjonalisering og tiltak i vidare planlegging, sjå Helsedirektoratets rettleiar om systematisk folkehelsearbeid s. 29 mv.

Fastsetting av mål og strategiar for folkehelsearbeidet gir igjen føringar for korleis kommunen til dømes innrettar si tenesteyting, forvaltning mv. og sett i verk eigne tiltak. Eit systematisk folkehelsearbeid er avhengig av ei brei samfunnsmessig tilnærming som inneber at det tas omsyn til påverkingsfaktorane i alle sektorar i tråd med prinsippet om «helse i alt me gjer», til dømes i skole-, barnehage-, bustad-, kultur/ fritid, NAV-, nærings og vegsektoren i tillegg til helsesektoren.



Som vist til innleiingsvis i planprogrammet, er det fleire nasjonale forventningar til den kommunale planlegginga innan ulike samfunnstema. Innan helse-, sosial- og barnevernsfeltet vert det forventa at kommunen tar stilling til korleis ein skal fylja opp sentrale satsingar som: Leve hele livet, fattigdom/ utjamning av sosiale forskjellar, sosial bustadpolitikk, universell utforming, handlingsplan for fysisk aktivitet, psykisk helse og rus, vald i nære relasjonar, barn og unge, kompetanse og rekruttering, mv.

Det bør, tidleg i planprosessen, sikrast at dei overordna prioriteringane vert vurdert og følgt opp i tråd med forventningane.

Utdanning

I den nye kommuneplanen vil Vindafjord prioritere berekraftsmål 4: God utdanning, og har valt *Framtidsretta tenester – Gode liv og livslang læring* som satsingsområde for å nå dette. Blant utfordringane er kompetanse og kvalitet nemnde, og gode læringsmiljø er trekte fram som føresetnad for å nå måla.

Kommunen har fleire skular som over tid har hatt utfordringar med læringsmiljø og læringsresultat, og kompetanse og kvalitet er forutsetningar for å betre dette. Statsforvaltaren rår kommunen om å ha med målsettingar og strategiar for dette i kommuneplanen.

I planperioden skal *Plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i Vindafjord kommune* reviderast. Det vil være naturlig at hovudtrekk frå denne er gjengjeve i kommuneplanen.

Kommuneøkonomi

Vindafjord kommune har vald økonomiplanen som kommuneplanen sin handlingsdel. Det er positivt fordi det gir ei direkte kopling mellom kommuneplanen og økonomiplanen og lettare vil kunne sikre god oppfølging av måla gjennom konkrete tiltak og tilhøyrande økonomiske prioriteringa.

Kommunestruktur

For å løyse fleire av dei utfordringane som kommunen peikar på vil det vere eit alternativ å gå saman med ein eller fleire nabokommunar om å lage ein ny kommune. Dette bør difor nemnast som ei mogelegheit som innbyggjarane kan drøfte og gi innspel på. Det handlar om å vere open for strukturendring i framtida for betre å kunne nå dei måla som vert sett i samfunnssdelen.

Arealstrategi

Bustadutvikling/tettstadutvikling

Det er positivt at det er utarbeida bustadanalyse som grunnlag for arbeidet med kommuneplanen, og at det også arbeidast med sentrumsanalyse for Skjold og ei moglegheitsstudie i Ølen. Hovudtrekka i analysearbeidet som er gjennomført til no, syner at det er mange ledige tomter i dei fleste bygdene i kommunen, med unntak av Imsland. Som eit ledd i arbeidet med tettstadsutvikling og bustadutvikling bør kommunen sjå overordna på arealet som er avsett til bustadbygging per i dag, og vurdere om det er område som bør tas ut.

Landbruket som ei av dei viktigaste næringane til kommunen

Som me uttalte i planstrategi-høyringa er landbruket ein viktig verdiskapar i kommunen. NIBIO sin rapport om verdiskaping i landbruket frå 2019 viser at årleg verdiskaping er på om lag 180 millionar kroner i kommunen. Av dette utgjer mjølk godt over halvparten med om lag 104 millionar kroner i



verdiskaping. Mjølkesektoren er avgjerande i Vindafjordlandbruket og det vil bli vesentleg oppgraderingsbehov ved overgang til lausdrift.

I samband med energibehovet og samfunnsutviklinga minskar etterspurnaden av animalske produkt, og det vil bli større behov for grøntvekster. Kommunen kan legge til rette for næringsutvikling og styrke landbruket si rolle ved å øg stimulera til produksjon av grønsaker, frukt og bær. Tilleggsnæringar som speler på ressursgrunnlaget til garden, som lokalmat og gardsutsal kan og promoterast. Me ser at etterspørselet for gards-tilbod som gir gode liv og livslang læring for alle aldrar; Inn på tunet, parsellhagar og andelsbruk, aukar. Slike tilbod støttar opp om næringa, skaper attraktive bustader og kan gi attraktive reisedestinasjonar for gardsturisme, samtidig som det spelar på lag med ein aktiv landbruksindustri.

Bruk og vern av landbruksareala

Som kommunen skriv i utkast til planprogram har Statsforvaltaren framstilt eit krav om at langsiktig grense landbruk må trekkast opp rundt tettstaden Ølen ved revisjon av kommuneplanen (stammar frå forhandling om førre kommuneplan). I den forbindelse roser vi kommunen for ynskje om å trekka opp ei slik grense for Sandeid og Skjold og. Ei slik grense vil vera et godt verktøy for bruk og vern av LNF-areal, samt den vidare ynskja utviklinga av tettstadene. Statsforvaltaren ser fram til å bidra i arbeidet med langsiktig grense i vidare planprosess.

Desentralisert bustadbygging i tråd med plan kan vera eit godt grep for å styra ynskja etablering av attraktive bustader, så lenge det ikkje blir etablert bustader på areal som utfordrar strukturen for aktiv landbruksdrift eller naturinteresser. Eit anna viktig punkt med spreidd bustadbygging er at det lett kan føre til auka kostandar for skuleskyss, heimehjelp, og infrastruktur, samt kan opne for krevjande problemstillingar rundt samfunnstryggleik. Det er derfor viktig å utarbeida gode føresetnader som skaper klare forventningar og rammer, og minskar bruk av dispensasjonar i framtida. Den spreidde bustadbygginga må heller ikkje konkurrera med utvikling av etablerte tettstader, då attraktive samlingspunkt er sentralt for å tiltrekke seg innflyttarar.

Bruk og vern av sjøområde og strandsona

Intensjonen i plan- og bygningslova er at kommunane skal avklare framtidig arealbruk i strandsona gjennom planlegging, først og fremst i kommuneplanen. Det er derfor positivt at kommunen tar inn bruk og vern av sjøområde og strandsona som eit tema som skal stå sentralt i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Me viser her til nye statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, fastsett 28.05.2021. Vidare er det viktig med ei heilskapleg tilnærming til forvaltninga av viktige areal med fleire, til tider motstridane, interesser. Til dømes er viktige fiske- og friluftsområde heilt avhengig av ein tek vase på habitata og deira økologiske funksjon elles i sjøen. I det vidare arbeidet med arealdelen bør kommunen ta omsyn til kvar utslepp frå næringsaktivitet kjem frå, og kva dei kan påverke. Til dømes vil det å plassere kjelder til store utslepp lengst inst i fjordarmar vere lite optimalt. Kommunen bør også ha fokus på å bevare villaksbestanden i sine område.

Vindafjord har ei lang kystlinje og naust og båtplassar er viktige gode for innbyggjarane i kommunen. Før det vurderast å ta inn nye område til utbygging, rår Statsforvaltaren kommunen til å sjå overordna på eksisterande reguleringsplanar for å vurdere om vedtekne, men ikkje utbygde område, kan takast ut. I tillegg må ein vurdere mogleheitene for å fortette innafor allereie utbygde område. Kommunen bør så langt det er råd unngå å legge opp til bygging i urørte område med særskilte friluftsinteresser eller natur- og landskapskvalitetar.



Føresegner til arealdelen

Det går fram i planprogrammet at oppdaterte, funksjonelle og juridisk korrekte føresegnar til arealdelen er viktige for ei god og føreseieleg forvaltning. Ein heilskapleg gjennomgang og revisjon skal derfor gjennomførast av føresegnene. Det er positivt at kommunen skal ta ein slik heilskapleg gjennomgang, og Statsforvaltaren legg til grunn at resultat av arbeidet med dei ulike tema som kommunen har plukka ut som prioriteringar i planprogrammet, blir lagt til grunn i arbeidet med arealdelen sine føresegnar.

Me ønsker kommunen lukke til med det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
statsforvaltar

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent